



Lagshus vil verta friteken for eigedomsskatt, såleis også Helgheim og andre lagshus i Uskedalen.

Det har vore sterke diskusjonar i samband med vidareføring av eigedomsskatt. Til glede for lag og organisasjonar som arbeider for eit frivillig lagsliv, er det no klart at dei som eig lagshus, vil verta friteken for å betala eigedomsskatt.

For Uskedalen vil det mellom anna gjelda ungdomshuset og bedehuset og nokre andre. uskedalen.no har også grunn til å tru at det vil gjelda Aktivitetshuset. I det heile er det ein logisk slutning som vert dregen med å frita for eigedomsskatt, sidan kommunestøtta til frivillig lagsliv og til private kulturanlegg er sterkt redusert dei siste åra. Det ville vera urimeleg frå kommunen si side å minka støtta på ei side, og skattleggja lagshusa på den andre sida. Det vil vera å drepa lagslivet, vert det hevda av enkelte i Uskedalen og i andre bygder. Det er også knytt interesse til korleis det vil verta med eigedomsskatt på vassverk. Enkelte spør seg om det vil verta gjort skilnad mellom kommunale vassverk og private vassverk, som det er i Uskedalen. Etter lova vil kommunale vassverk verta fritekne, men frå politisk hald i Kvinnherad vert det sagt at det ikkje går å gjera skilnad på kommunale og private vassverk. Får nokon vassverk til dømes eigedomsskatt, vil summen naturlegvis i neste omgang verta fordelt på vassverksmedlemmene. Og dermed har vi den uønska skilnaden. Konklusjonen vil vera at vassverket i Uskedalen vil sjåast på på same måten som til dømes Husnes og andre kommunale vassverk!